Vest
Landbrukstenester SA

Styret si årsmelding 2016

Type verksemd og lokalitet
Vest Landbrukstenester(LT) driv med formidling av avløysarar til medlemane i kommunane Hornindal, Selje og Stryn. Vest LT formidlar avløysarar både ved ferie/fritid og ved sjukdom. Vest LT har landbruksvikarordning ved sjukdom og ferie/fritid. Laget har fått tildelt 3,10 årsverk og får tilskot på kr 270 200 pr årsverk. Vest LT har arbeidsgjevaransvar for alle som dei lønner ut.

Framleis drift/endringar i marknadsforhold
Rekneskapet for 2016 og budsjett for 2017, er sett opp under føresetning av framleis drift av laget. Rekneskapen gjev eit rettvisande bilete av Vest LT. Styret kjenner ikkje til nokon viktige forhold, for å bedømme Vest LT si stilling og resultat, som ikkje kjem fram av resultatrekneskap og balanse m/noter. Det har heller ikkje etter at rekneskapsåret gjekk ut skjedd ting som etter styret si meining har virka inn på bedømming av rekneskapet. Strukturen i landbruket er under stadig endring. Større og færre einingar vil etter kvart påverke omsetninga i Vest LT, i tillegg til forskriftsendring vedr. krav til avløysing og utbetaling av refusjon direkte til bonden frå 01 01 2015. Samanslåing av Hornindal AL og Vest LT i 2015 har likevel styrka drift og omsetning i Vest LT.
Vest LT har medlemskontingent og tar på seg lønnsoppdrag for andre enn bønder.

Arbeidsmiljø, personale og ytre miljø
Vest LT har eige verneombod for avløysarane. Sjukefråværet i 2016 er 1,00% for avløysarane, LV og andre oppdrag. Det er 2,32% for kontorpersonalet. Det er 1 registrert yrkesskade i 2016. Vest LT har OTP ordning for sine tilsette. Vest LT forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling
Styret består av tre menn og fire kvinner. Fordeling av kvinner og menn tilsette i laget: Den tilsette på kontoret er mann, på rekneskapskontoret som laget kjøper tenester av, er det kvinne. Ringavløysarane er 4 menn. I tillegg to fulltidsavløysarar (1 kvinne og 1 mann) . Landbruksvikarane og dei med LV-avtale er det 4 menn. Av laget sine avløysarar og familieavløysarane er ca halvparten kvinner.

Disponering av årsresultatet
Årsresultat for 2016: - Kr 4 341 (underskot)
Dekkast av fri eigenkapital: kr 4 341 (ny fri EK kr 540 560)

Ulvedal 21. mars 2017

Knut Sigurd Gald
- dagleg leiar -

Norunn Britt Rygg Seljeset
- styreleiar -

Heidi Håheim
- nestleiar -

Sonja Skaare Esperø
- styremedlem -

Salvatore Ligia
- styremedlem -

Gunnar Øen
- styremedlem -

Torhild Kleppe
- styremedlem -

Hans Petter Hånes
- tilsetterepresentant -

Vest Landbrukstenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vakttlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
http://www.vest-landbrukstjenester.no
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag